

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAVGJERD**2021/EØS/17/02****av 8. oktober 2014****om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar***[meld under nummeret K(2014) 7139]*

(2014/704/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked⁽¹⁾, særleg artikkel 20 nr. 1 og 3,med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 4 andre leddet andre punktumet og artikkel 6 nr. 5,med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater⁽³⁾, særleg artikkel 6 nr. 2, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF⁽⁴⁾ er det fastsett ei liste over grensekontrollstasjonar som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF. Denne lista er ført opp i vedlegg I til det nemnde vedtaket.
- 2) Danmark har meldt frå om at godkjenninga av grensekontrollstasjonen i Kolding bør strykast frå lista over postar for Danmark. Tyskland har meldt frå om at godkjenninga av grensekontrollstasjonen i Düsseldorf bør strykast frå lista over postar for Tyskland. Lista over postar for desse medlemsstatane i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 3) På grunnlag av meldingar frå Spania og Nederland bør postane for grensekontrollstasjonar ved lufthamnene i Barcelona, Gran Canaria og Tenerife Sur i Spania og hamna i Rotterdam i Nederland endrast i den lista som er oppført i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 4) Etter at tilsynstenesta til Kommisjonen (tidlegare kalla «inspeksjonstenesta til Kommisjonen»), Næringsmiddel- og veterinærkontoret (FVO), har utført tilfredsstillande kontrollar, kan grensekontrollstasjonen i NUUK på Grønland godkjennast for alle kategoriar av produkt som ikkje er meinte for konsum. Den aktuelle posten for denne grensekontrollstasjonen i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 5) Næringsmiddel- og veterinærkontoret har gjennomført kontrollar i Kroatia og deretter gjeve denne medlemsstaten visse tilrådingar. Kroatia svarte tilfredsstillande på desse tilrådingane med ein handlingsplan og med ei endring av godkjenningskategoriane for grensekontrollstasjonen i Rijeka. Posten for denne grensekontrollstasjonen i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 6) Vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr —

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 294 av 10.10.2014, s. 46, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 234/2015 av 30. oktober 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 38 av 22.6.2017, s. 2.

(1) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

(2) TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

(3) TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

(4) Kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjonar, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærakkunnige frå Kommisjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES (TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1).

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I til vedtak 2009/821/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 8. oktober 2014.

For Kommissjonen

Tonio BORG

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

I vedlegg I til vedtak 2009/821/EF vert det gjort følgjande endringar:

- 1) I den delen som gjeld Danmark, går posten for hamna i Kolding ut.
- 2) I den delen som gjeld Tyskland, går posten for lufthamna i Düsseldorf ut.
- 3) I den delen som gjeld Spania, vert det gjort følgjande endringar:

a) Posten for Barcelona lufthamn skal lyde:

«Barcelona	ES BCN 4	A	Iberia	HC(2), NHC-T(CH)(2), NHC-NT(2)	O
			Swissport	HC(2), NHC(2)	O
			WFS	HC-T(CH)(2)»	

b) Posten for lufthamna på Gran Canaria skal lyde:

«Gran Canaria	ES LPA 4	A		HC(2), NHC-NT(2) (*)	O (*)»
---------------	----------	---	--	----------------------	--------

c) Posten for lufthamna Tenerife Sur skal lyde:

«Tenerife Sur	ES TFS 4	A	Productos	HC(2) (*), NHC(2)	
			Animales		U (*), E (*), O»

4) I den delen som gjeld Grønland, skal posten for hamna i Nuuk lyde:

«Nuuk	GL GOH 1	P		HC(1)(2)(15), NHC(2)(15)»	
-------	----------	---	--	---------------------------	--

5) I den delen som gjeld Kroatia, skal posten for hamna i Rijeka lyde:

«Rijeka	HR RJK 1	P		HC(2), NHC-T(FR)(2), NHC-NT(2)»	
---------	----------	---	--	---------------------------------	--

6) I den delen som gjeld Nederland, skal posten for hamna i Rotterdam lyde:

«Rotterdam	NL RTM 1	P	Eurofrigo Karimatastraat	HC, NHC-T(FR), NHC-NT	
			Eurofrigo, Abel Tasmanstraat	HC	
			Frigocare Rotterdam B.V.	HC(2)	
			Coldstore Wibaco B.V.	HC-T(FR)(2), HC-NT(2)	
			Kloosterboer Delta Terminal	HC(2)»	